



## SAMLET SAKSFRAMSTILLING

---

Utvalg	Møtedato	Saksnr.
Formannskapet	30.08.2012	119/12

---

### HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I LOV OM STADNAMN

#### Vedlagte dokumenter:

1. Høyringsnotat frå Kulturdepartementet, motteke her den 24. april 2012
2. Ny utsending frå Kulturdepartementet, motteke her den 16. mai 2012

#### Ikkje vedlagte dokument:

- ♦ Lov om stadnamn

#### Heimel for handsaming:

Delegasjonsreglementet for Grong kommune, pkt. 1.1.

#### Saksopplysningar:

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til endring i lov av 18. mai 1990, nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova) §§ 6 og 8.

I § 8 i lova står det at ein eigar eller festar sjølv kan fastsetje namn på eige bruk, herunder også korleis namnet skal skrivast. Dei har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut gardsnamn eller bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedarva stadnamn eller med andre stadnamn som skal nyttast av det offentlege. Slike namn skal følgje lovens reglar for fastsetting av skrivemåte, som blant anna krev at stadnamna skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp.

Grunnen til denne innskrenkinga i retten til å fastsetje namn på eige bruk byggjer på formålet med lova, som blant anna er å ta vare på stadnamn som kulturminner. Gardsnamn og bruksnamn er blant dei eldste stadnamnda i landet og lova søkjer difor å gje desse eit særskilt vern.

Praktiseringa av dagens regelverk, som seier at gards- og bruksnamn skal normerast etter nedarva lokal uttale og gjeldande rettskrivingsprinsipp, har av og til ført til vedteken skrivemåte av gards- og bruksnamn har fått ein annan form enn etternamnet til dei som bur på eigedom. Det språklege utgangspunktet for namna er likevel det same. Skrivemåten av eit bruksnamn kan til dømes etter lovens reglar bli fastsett til Engan, medan etternamnet vert skrive Enge. Andre døme er etternamnet Opsahl, som eigentleg er same namn som gardsnamnet Oppsal, berre med eldre rettskriving.

13. januar 2009 handsama Stortinget Innst. S. nr, 124 (2008-2009) frå familie og kulturkomiteen om eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Haleraker og Olemic Thommesen. Dei ønskte ei endring i stadnamnlova som ville sikre at bruksnamn ikkje kan endrast utan grunneigars samtykke. Gjennom si handsaming av saka ba Stortinget regjeringa om å utgreie å endre lova slik at gjeldande rettskrivingsprinsipp ikkje skal gjelde sjølv gards/bruksnamnet. Kravet om einsarta skrivemåte i ulike funksjonar vart foreslått oppheva. Stortinget meinte vidare at grunneigars synspunkt burde tilleggast særleg vekt. Vedtaket som vart gjort i Stortinget var samrøystes og i samsvar med komiteens innstilling.

## OM GARDSNAMN OG BRUKSNAMN

Gardsnamn dekkjer i aller fleste tilfelle eit større geografisk område enn bruksnamn, og omfattar ofte fleire eigedomar. Bruksnamn er etter definisjonen alltid knytta til ein spesifikk eigedom.

Gardsnamn er i stadnamnlova § 2 bokstac b definert som *namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til.*

Bruksnamn er i § 2 bokstav c definert som *namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer.*

Bruksnamnet er med andre ord knytta til eigedomar som er utskilt frå det opprinnelege gardsområdet. Mange stader i landet vil eit eller fleire bruksnamn difor vere identisk med gardsnamnet (td Hol), eller underbruket har eit namn der gardsnamnet inngår (td. Østre Hol eller Holsbakken). Andre stader kan ha andre namnetradisjonar.

Det er ofte gardsnamnet som har største interesse for det offentlege, fordi gardsnamnet i mange tilfelle er namnet i primærfunksjonen. Det vi si at det har gitt namn til andre lokalitetar/namneobjekt, som underbruk, eller tettstader, byggefelt, vegar mv.

### Vurdering:

I daglegtala går omgrepa gardsnamn og bruksnamn ofte om kvarandre. Meininga med representantforslaget og Stortingets vedtak synes å vere å sikre grunneigarar ein betre rett til å bestemme skrivemåte av namnet på eigen eigedom. Det er med andre ord ønskjeleg å sikre eigarane/festarane ein rett til å motsette seg endring i daglegnamnet, altså bruksnamnet på eigedomen.

Det er i denne samanhengen viktig å skilje mellom eigars rett til å påverke skrivemåten av namnet på *eigen* eigedom (namnet på det enkelte bruk), og eigars tilgang til å påverke skrivemåtem av namn som også er førande for skrivemåten på andre stadnamn i nærområdet og i kommunen (namnet på sjølve garden).

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal ein ta utgangspunktet i nedarva lokal uttale. Skrivemåten skal også følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp. Omgrepet rettskrivingsprinsipp vert definert i lovens § 2 bokstav f som *allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal gjevast att skrift.*

Ulike språk har ulike reglar som ligg til grunn for rettskrivinga. Når stadnamnlova viser til gjeldande rettskrivingsprinsipp meiner ein altså dei allmenne reglane for korleis lydar og kombinasjonar på norsk skal skrivast. Desse prinsippa vert realisert gjennom rettskrivinga. Det er mellom anna dette kravet i lova som har medført ein del usemje, spesielt der den skrivemåten eigar ønskjer er i strid med dei gjeldande rettskrivingsprinsippa.

Her kan nemnast stadnamnsaka på Øiem Vestre og Øiem Østre i 2007. På oppmoding i frå Statens namnekonsulentar for Midt-Norge reiste Statens kartverk namnesak på gardsnamnet Øiem. Her meinte namnekonsulentane at eigarane av bruka Øiem Vestre og Øiem Østre skulle skrive Vestre Øyem og Østre Øyem. Grunnen til dette var at vanleg rekkefølge av namneledda er at retningsadjektivet kjem framfor hovudnamnet og at Øiem ikkje er ein norsk, men dansk skrivemåte. Vedtaket vart påklaga ut i frå lokal uttale og lange tradisjonar, samt offentlig skrivemåte gjennom Grong bygdebok og Norske Gaardnavne. Dette skjedde i 2008. I 2009 får kommunen melding om at klagehandsaminga er utsett i

påvente av ei lovendring. Det er denne som no kjem. Dette er eit godt døme på at eigarar av det enkelte bruk *ikkje* har hatt noko å stille opp med når det gjeld skrivemåten på ein eigen eigedom. Det er teke lite omsyn til lokale tradisjonar og lokal uttale. Difor ser kommunen på denne endringa som særskilt viktig for den enkelte eigar.

Departementet vil difor foreslå at lova vert endra slik at eigar får det avgjerande ordet vedfastsetting av skrivemåten av eigedomens *bruksnamn*. Føresetnaden er at ein kan dokumentere offentleg bruk av den ønska skrivemåten. Dette kan vere brev frå offentlege organ, skøyter, kart, bygdebøker med meir. Forslaget tyder på at dersom eigar kan legge fram slik dokumentasjon, så *skal* skriveformen vedtakast utan ytterlegare høyring. Grunneigars/festars ønskje skal altså vere avgjerande for skrivemåten av bruksnamn, sjølv om også andre skrivemåtar kan dokumenterast brukt.

## **FORSLAG TIL ENDRING AV STADNAMNLOVA**

På bakgrunn av dette foreslår departementet følgjande endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 § 6, første ledd og § 8 i lov om stadnamn (endringar i kursiv):

**§ 6.** Nærare om sakshandsaminga, første ledd, skal lyde:

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. *Eigar eller festar har det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn.* Eigar eller festar av bruk med same namn eller namn som er avleidd fra gardsnamnet, har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld *dette* område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

**§ 8.** Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn skal lyde:

Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar talar for det. Skrivemåten av gardsnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§4 til 6.

*Dersom eigar eller festar kan dokumentere offentleg bruk av ein ønska skrivemåte på bruksnamn, skal denne leggest til grunn. I dei tilfella der eigar eller festar slik dokumenterer ønska skrivemåte på bruksnamn, kan bruksnamnet vedtakast utan anna høyring.*

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Skrivemåten av bruksnamn treng ikkje følgje skrivemåten for gardsnamnet bruket tilhøyrrer, dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og eigar eller festar kan dokumentere at denne skrivemåten har vore i offentleg bruk.*

For andre bruksnamn fastset eigar eller festar skrivemåten.

### **Rådmannens forslag til uttale:**

1. Grong kommune meiner det er viktig at den einskilde eigar av ein eigedom/bruk har rett til å fastsetje namn på eige bruk.
2. Grong kommune følgjer departementets tilråding om endring av §§ 6 og 8 i lov om stadnamn.

**Behandling/vedtak i Formannskapet den 30.08.2012 sak 119/12**

**Formannskapetets vedtak:**

**Enstemmig vedtatt som rådmannens forslag til uttale:**

1. Grong kommune meiner det er viktig at den einskilde eigar av ein eigedom/bruk har rett til å fastsetje namn på eige bruk.
2. Grong kommune følgjer departementets tilråding om endring av §§ 6 og 8 i lov om stadnamn.